



OPPHEVET

Forskrift om gjennomføring av skulemjølkordninga.

Dato	FOR-1997-05-13-1556
Departement	Landbruks- og matdepartementet
Publisert	I 2002 hefte 15
Ikrafttredelse	13.05.1997
Sist endret	FOR-2008-10-22-1136
Gjelder for	Norge
Hjemmel	FOR-1996-11-28-1478-§16 , LOV-1936-07-10-6-§11
Kunngjort	25.10.2002
Korttittel	Forskrift om skulemjølkordninga

Heimel: Fastsett av Omsetningsrådets arbeidsutval 13. mai 1997 med heimel i forskrift av 28. november 1996 nr. 1478 om markedsregulering av norskprodusert melk og melkeprodukter § 16, jf. lov av 10. juli 1936 nr. 6 til å fremja umsetnaden av jordbruksvarer § 11.

Endringar: Endra ved forskrifter 7 juni 2002, 5 des 2003 nr. 1649 (m.a heimel), 6 des 2007 nr. 1366. Oppheva 22 okt 2008, jf. forskrift 22 okt 2008 nr. 1136.

Kapitteloversikt:

I (§§ 1 - 8)

II

I

§ 1. Formål

Formålet med ordninga er å fremme omsetjinga av mjølk og mjølkeprodukt ved å gjere barn og ungdom kjent med regelmessig bruk av konsummjølk, og gjennom dette styrke framtidig omsetning av mjølk og mjølkeprodukt.

§ 2. Deltakarar

Skulemjølkordninga er open for alle meieriselskap som leverer konsummjølk til skular og barnehagar som nemnt under § 3. Meieriselskapet må delta i prisutjamningsordninga for mjølk.

0 Endra ved [forskrift 5 des 2003 nr. 1649](#) (i kraft 1 jan 2004).

§ 3. Målgruppe

Konsummjølk til nedsett pris vert tilbydd barnehagar, barne- og ungdomsskular og vidaregåande skular.

§ 4. Produkt

Ordninga omfattar heilmjølk, lettmjølk, skumma mjølk og laktoseredusert smaksett mjølk.

§ 5. Tilskotssats

Omsetningsrådet yter eit tilskott pr. liter konsummjølk som blir levert som nemnt i § 3. Dette tilskottet skal komme til uttrykk i prisen til kunde som redusert pris i forhold til meieriselskapet sin gjeldande engrospris i same periode. Tilskottet blir vedteke av Arbeidsutvalet for kvart avtaleår.

§ 6. Prognose

Meieriselskap som vil delta i ordninga må sende prognose basert på inngåtte avtalar til marknadsregulator.

Samlet prognose skal vere Statens landbruksforvaltning i hende seinast 1. oktober for avtalar som gjeld første halve skuleår, og 1. mai for avtalar som gjeld andre halve skuleår.

0 Endra ved [forskrift 5 des 2003 nr. 1649](#) (i kraft 1 jan 2004).

§ 7. Rapportering og kontroll

Oppgåve over salet skal sendast til Omsetningsrådet innan den 15. i påfølgjande månad for overføring av tilskot dersom oppgjer vert gjort for kvar månad, eller halvårsoppgåve innan 31. juli og 31. januar for føregåande halvår, eller 31. januar for årlige oppgåver. Oppgåva skal innehalde dokumentasjon av meieriselskapet sin gjeldande engrospris i same periode og pris på mjølk innanfor ordninga og leveranse av dei ulike mjølkevariantane. Alle aktørar skal uansett sende halvårsoppgåve, som skal vere revidert av statsautorisert eller registrert revisor.

0 Endra ved [forskrift 6 des 2007 nr. 1366](#) (i kraft 1 jan 2008).

§ 8. (Oppheva 1 jan 2008, jf. forskrift 6 des 2007 nr. 1366.)

II

Forskrifta trer i kraft straks.